

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.06.2018:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune godkjenner med dette Vinje bestandsplanområde sin bestandsplan for elg og hjort for perioden 2018 – 2020, jfr § 16 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Plan- og miljøutvalet godkjenner ein totalkvote på 593 elg og 363 hjort for perioden 2018 – 2020, jfr § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune godkjenner kvotefri jakt på rådyr for perioden 2018 – 2020, jfr § 20 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.